



ALVER
KOMMUNE

VESTBYGD SKULE

Plan for eit trygt og godt skulemiljø
- etter opplæringslova §9A



2023 – 2024 Retningslinjer og rutineskildring



Innhald	0
Ord frå rektor	2
Innleiing.....	3
Lovgrunnlag.....	4
Opplæringslova.....	4
Forvaltningslova.....	4
Kommunehelsetenestelova	4
Ordensreglement for grunnskulen i Alver og på Vestbygd skule	4
Elevane sitt skulemiljø.....	5
Opplæringslova § 9a-2 REtten til eit trygt og godt skulemiljø	5
Opplæringslova § 9a-3 Nulltoleranse og systematisk arbeid.....	5
Opplæringslova § 9a-4 Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt Skulemiljø	5
Opplæringslova § 9a-5 skjerpa aktivitetsplikt dersom ein som arbeider på skulen, krenkjer ein elev	5
Opplæringslova § 9a-6 Fylkesmannen si handheving av aktivitetsplikta i enkeltsaker	6
Opplæringslova § 9a-7 Det FYSISKE miljøet.....	6
OPPFØLGING	7
REKTOR HAR ANSVAR FOR:.....	7
Tilsette har ansvar for:.....	9
Skuleeigar har ansvar for:	9
Skulemiljøutval og brukarmedverknad	10
Opplæringslova § 11-1a:.....	10
Vedlegg og ressursar	11
Førebyggjande arbeid	11
Rutineskildring.....	12

For å kunne læra må ein vera trygg og trivest på skulen. Alle elevar på Vestbygd skule har rett på eit godt miljø som fremjar helse, trivnad og læring. Saman må alle vera med på å skapa eit positivt skulemiljø der alle kan ha det bra. Ein skule der læring, samhald, motivasjon og trivnad er i fokus. Krenking og mobbing skal ikkje skje! Korkje på skulen eller på fritida. Borna vore har rett til å kjenne seg trygge og bli verdsette av andre både på og utanfor skulen. Å motvirka mobbing er ein viktig del av det psykososiale og sosialpedagogiske arbeidet vi held på med på skulen. Det å skape gode rammer der elevane våre trivest og kjenner seg trygg, er viktig. Vestbygd skule har nulltoleranse mot krenking og mobbing.

Likevel skjer det at barn blir mobba og skulen må setje inn tiltak. Det er då viktig at skulen gjer ein grundig jobb for å sikra faktainformasjon. Føresette skal alltid informerast om at deira barn er involvert i ein mobbesak. Ut frå saka si alvorgrad vurderast det i kvar enkelt sak kor aktiv rolle føresette skal ha.

Endringa som kom i Opplæringslova frå skulestart i 2017, styrka elevane sin rett til å ha eit trygt og godt skulemiljø (Oppl. §9A), og gjev eit tydeleg krav om handling frå alle tilsette på Vestbygd skule. Skulen skal førebyggje og skape gode skulemiljø for alle. Dersom ein elev ikkje opplever dette, skal skulen gripe inn og gjere endringar og tiltak, så raskt som mogleg. Alle dei tilsette har aktivitetsplikt.

Når rektor får informasjon om at ein elev ikkje har det bra, skal heimen innan 5 virkedagar motta varsel om at skulen har satt i gang ein undersøkende fase. Dette for å få fram alle fakta, samt å sikra gode, målretta tiltak. Dersom det blir konkludert med at det har vore brot på Oppl §9A, vil kontaktlærer i samarbeid med rektor utarbeida ein Aktivitetsplan for ein gitt periode. Tiltaka blir utarbeidd i samarbeid med eleven/ elevane, føresette og kontaktlærer. Denne planen har avtalte evalueringspunkt.

I Vestbygd skule sin *Plan for trygt og godt skulemiljø* er både rektor, lærarar, pedagogiske medarbeidarar, elevar, SFO og føresette aktive samarbeidspartnarar. Gjennom tydeleg strategi og handling, der me viser at krenking og mobbing er uakseptabel, meiner me at planen kan setje ein norm og skape haldningar som vil motvirka krenking og mobbing.

Me må arbeide kontinuerleg for å skape ein god skulekvardag for store og små!

Kap.9a i opplæringslova vert ofte kalla "elevane si arbeidsmiljølov". Lova seier at "alle har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring." Lova gjev elevane ei rett til eit trygt og godt skule- og læringsmiljø. Saman med paragrafane 11-1a og 11-5a gjev den også elevane og foreldra rett til medbestemming og rett til å klage når skulen ikkje arbeidar tilfredsstillande med skulemiljøet.

Retten gjeld både det fysiske og psykososiale miljøet. I dette ligg det at skulemiljøet skal bidra til ei positiv utvikling av elevane si helse, trivsel og læring:

- Eit skulemiljø som fremjar helse er eit skulemiljø som ikkje gjev elevane skader, sjukdomar eller helseplagar
- Eit skulemiljø som fremjar trivsel er eit skulemiljø der alle trivst og gjer sitt til at elevane opplever skulen som ein meningsfull stad å vera
- Eit skulemiljø som fremjar læring er eit skulemiljø som gjev elevane gode tilhøve for læring

Lova vart endra frå og med 01.08.17, og dette dokumentet er justert for å stette dei nye lovkrava. Skulen si plikt til å handle samt korleis skulen og tilsette skal gå fram i oppfølging av ei sak, er tydeleg skildra i ny lovtekst, som har sterkt fokus på aktivitetsplikta og at ei sak skal handsamast raskt. Dersom elevane meiner at rettane deira ikkje er sikra, kan dei sjølve eller foreldra be skulen retta opp moglege brot på lova. Elevar og foreldre kan også ta direkte kontakt med statsforvaltar etter at saka er teken opp med rektor. Statsforvaltar vil undersøkje som skulen si aktivitetsplikt er oppfylt, men det er stilt krav til at saka skal vere tatt opp med rektor før statsforvaltar går inn i vurderinga samt at det er meir enn ei veke sidan den vart tatt opp med rektor. Statsforvaltar vil ikkje gå inn i saker som gjeld andre skular enn der eleven går når saka blir meldt til statsforvaltar. Skulen skal ikkje lengre fatte enkeltvedtak, men skildre tiltak som blir sett i verk i ein skriftleg plan. Det er statsforvaltar som ev skal fatte enkeltvedtak i ei sak, og i så fall er ikkje skuleeigar ein part med klagerett.

Føremålet med denne rutineskildringa er å gje skulen tydelege retningslinjer for arbeidet med elevane sitt skulemiljø. Gjennom tydelege krav, god informasjon og aktiv deltaking på alle nivå skal skulen syta for at elevane sine rettar etter lovverket vert oppfylte. Desse retningslinjene må sjåast i samanheng og med Alver kommune sine felles retningslinjer.

LOVGRUNNLAG

OPPLÆRINGSLOVA

[Opplæringslova kapittel 9a](#) *Elevane sitt skulemiljø* presiserar at kvar enkelt elev har rett til eit trygt og godt skulemiljø. Dersom elevane meiner at rettane deira ikkje er sikra, kan dei sjølve eller foreldra deira be skulen retta opp moglege brot på lova. Kapitlet gjeld òg for elevar som deltek i leksehjelpordningar og i skulefritidsordningar.

[Opplæringslova § 11-1a](#) om Skulemiljøutval inneheld føresegner om at alle skular skal ha eit skulemiljøutval. Skulemiljøutvalet skal medverka til at skulen, dei tilsette, elevane og foreldra blir aktivt med i arbeidet for å skapa eit godt skulemiljø.

FORVALTNINGSLOVA

Føremålet med [forvaltningslova](#) er å gje den enkelte større rettstryggleik i møtet med den offentlege forvaltninga. Lova inneheld reglar for sakshandsaming og mellom anna pålegg ho skulen å informera om rutinane for enkeltvedtak , og at det er høve til å klage på slike enkeltvedtak.

KOMMUNEHELSESTENESTELOVA

["Forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skule"](#)

Forskrifta formulerer konkrete krav til det fysiske og psykososiale miljøet i skulen. Desse føresegnene og kapittel 9a utfyller kvarandre og må derfor vurderast i samanheng.

ORDENSREGLEMENT FOR GRUNNSKULEN I ALVER OG PÅ VESTBYGD SKULE

Føremål:

Grunnskulen i Alver skal ha eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring. Skulane skal vere prega av eit positivt og utviklande samarbeid mellom alle brukarar; elevar, foreldre og tilsette. Det skal vere ein tydeleg samanheng mellom arbeidet med skulen sitt læringsmiljø, ordensreglementet og den enkelte elev si sosiale utvikling.

I tillegg til felles ordensreglement for alle skulane i Alver, har Vestbygd skule utarbeida lokale reglar for trivsel. Skulen sitt samarbeidsutval (SU) gjorde 29.10.2013 endeleg vedtak om skulen sitt eige ordensreglement. Ordensreglane skal reviderast våren 2021.

Etter opplæringslova § 9A-10 skal ordensreglementet innehalde reglar om orden og oppførsel, om kva tiltak som kan nyttast mot elevar som bryt reglementet, og om korleis slike saker skal behandlast. Skulen kan berre nytte tiltak som er fastsette i ordensreglementet.

ELEVANE SITT SKULEMILJØ

OPPLÆRINGSLOVA § 9A-2 RETTEN TIL EIT TRYGT OG GODT SKULEMILJØ

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

OPPLÆRINGSLOVA § 9A-3 NULLTOLERANSE OG SYSTEMATISK ARBEID

Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort.

OPPLÆRINGSLOVA § 9A-4 AKTIVITETSPLIKT FOR Å SIKRE AT ELEVAR HAR EIT TRYGT OG GODT SKULEMILJØ

Alle som arbeider på skulen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor skal varsle skuleeigar i alvorlege tilfelle.

Ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skulen snarast undersøkje saka.

Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Skulen skal sørgje for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane sksal vere eit grunnleggjande omsyn i skulen sitt arbeid.

OPPLÆRINGSLOVA § 9A-5 SKJERPA AKTIVITETSPLIKT DERSOM EIN SOM ARBEIDER PÅ SKULEN, KRENKJER EIN ELEV

Dersom ein som arbeider på skulen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkomande straks varsle rektor. Rektor skal varsle skuleeigaren.

Dersom det er ein i leiinga ved skulen som står bak krenkinga, skal skuleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.

OPPLÆRINGSLOVA § 9A-6 FYLKESMANNEN SI HANDHEVING AV AKTIVITETSPLIKTA I ENKELTSAKER

Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til fylkesmannen etter at saka er teken opp med rektor.

Fylkesmannen skal avgjere om aktivitetsplikta etter §§ 9A-4 og 9A-5 er oppfylt. Dersom saka ikkje er teken opp med rektor, eller om det er under ei veke sidan ho vart teken opp, skal fylkesmannen avvise saka.

Skulen og skuleeigaren skal utan hinder av lovfesta teieplikt leggje fram alle opplysningar som fylkesmannen meiner må til for å greie ut saka. Fylkesmannen skal særkje for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane, skal vere eit grunnleggjande omsyn i fylkesmannen si saksbehandling.

Kjem fylkesmannen til at skulen ikkje har oppfylt aktivitetsplikta etter §§ 9A-4 og 9A-5, kan fylkesmannen vedta kva skulen skal gjere for å sørkje for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det skal setjast ein frist for gjennomføring av vedtaket, og fylkesmannen skal følgje opp saka. Fylkesmannen kan vedta reaksjonar etter skulen sitt ordensreglement, jf. § 9A-10, eller at ein elev skal byte skule, jf. § 8-1 fjerde ledd.

Avgjerda til fylkesmannen er eit enkeltvedtak og kan påklagast etter reglane i forvaltningslova. Skuleeigaren har ikkje klagerett.

OPPLÆRINGSLOVA § 9A-7 DET FYSISKE MILJØET

Skulane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane.

Om ein eller fleire elevar eller foreldra deira, meiner at skulen har eit fysisk skulemiljø som gjev dei ubehag, kan dei sjølve be skulen om tiltak for å betra tilhøva. Ei slik oppmoding bør vere skriftleg. I brevet skal dei peika på det som ser ut til å vera i vegen med det fysiske skulemiljøet, og gjerne koma med framlegg til kva som bør gjerast. Skulen skal handsama oppmodinga etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Dersom den som ber om tiltak ikkje er nøgd med tiltaket, har han eller ho rett til å klage.

Lokale mål for skulebygg og uteareal i Alver (Kommunedelplan for skule 2010-2020)

- Skulebygg og uteareal må stetta lovpålagte tekniske krav, krav om tryggleik og krav om eit godt inneklime (internkontroll)
- Skulebygg og uteareal må utgjere eit heilskapleg læringsmiljø

Kommunen har i kommunedelplan for skule (2010-2020:29) skildra prinsipp som skal leggst til grunn for utforming av skuleanlegg i kommunen. Med utgangspunkt i prinsippa skildrar planen også føringar for ombygging, tilbygging og påbygging av skuleanlegga, samsvar mellom bygg og pedagogikk, utforming av bygningsmassen og utforming av skulen sitt uteområde (ibid., s.30-38)


REKTOR HAR ANSVAR FOR:

- Kompetansetiltak tilsette
 - Førebyggje
 - Avdekkje
 - Stoppe krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering
 - Forstå aktivitetsplikta



- Å informere elevar og foreldre om rettane i kapittel 9A
 - Rådsorgan (samarbeidsutval, skulemiljøutval, elevråd og foreldra)
 - Klassenivå
 - Informere om aktivitetsplikta etter §§ 9A-4 og 9A-5 og om høvet til å melde saka til fylkesmannen etter § 9A-6
 - Informere om alt som er viktig for skulemiljøet, og så tidleg som mogleg takast med i arbeidet med skulemiljøtiltak
- Å etablere og følgje opp system for systematisk arbeid for godt skulemiljø
 - Førebyggjande arbeid i klassane/skulen
 - Sjå til at skulen sitt ordensreglement er i samsvar med intensjonen i §§ 9A-10 og 9A-11
 - Rutine for å følgje aktivitetsplikta:
 - Følgje med
 - Gripe inn
 - Varsle rektor
 - Undersøkje
 - Følgje opp melding om krenking/mobbing – Ta stilling i saka
 - Sikre at eleven si stemme kjem fram

- Setje inn tiltak
 - Sikre støtte til elevar som blir utsett for mobbing
 - Skildre metode for samarbeid med heimen (sikre at føresette har tillit til skulen gjennom arbeidet med ei sak)
 - Skjerpa aktivitetsplikt når vaksne krenkjer
 - Korleis informere skuleeigar når leiar er den som krenkjer elev
 - Korleis lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak
- Å undersøkje ei melding frå elev, føresette eller tilsette (innan 48 timar frå kjennskap til saka), deretter informere tilbake til meldar
 - Å varsle einingsleiar og kommunalsjef i alvorlege tilfelle av krenking av elev
 - Å varsle einingsleiar og kommunalsjef dersom fylkesmannen har starta undersøking i ei sak
 - Å lage ein skriftleg plan (innan ei veke frå kjennskap til saka) når det skal gjerast tiltak i ei sak. Skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd i § 9A-4 Aktivitetsplikta. I planen skal det stå:
 - Kva problem tiltaka skal løyse
 - Kva tiltak skulen har planlagt
 - Når tiltaka skal gjennomførast
 - Kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
 - Når tiltaka skal evaluerast
 - Å leggje fram dei opplysningane fylkesmannen ber om, dersom fylkesmannen har starta undersøking i ei sak
 - Å inkludere elevar og føresette i førebyggjande arbeid
 - Å halde elevråd og rådsorgan oppdatert om utviklinga i skulen
 - Å gjennomføre eigenvurdering i Reflex årleg, tema elevane sitt skulemiljø
 - Å skrive ein årleg rapport om arbeidet ved skulen samt utviklinga det siste året (rapporten skal arbeidast ut i samråd med elevråd og skulemiljøutval)
 - Å melde avvik i KF-kvalitet



TILSETTE HAR ANSVAR FOR:

- Å informere elevar og foreldre om retten til eit trygt og godt skulemiljø samt korleis dei skal melde frå om ein elev ikkje har det
- Å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø
- Å gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg
- Å varsle rektor ved mistanke om, eller kjennskap til at elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø (varsle same dag som tilsett har fått mistanke om, eller kjennskap til dette)
- Å delta i prosess for å undersøkje saka snarast mogleg (innan 24 timar frå kjennskap til saka)
- Å sørkje for at involverte elevar blir høyrde i saka, og ta omsyn til kva som er best for elevane
- Å delta i arbeid med å lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak
- Å følgje opp tiltak i den skriftlege planen når ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø
- Å straks varsle rektor ved mistanke om, eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skulen utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering (varsle same dag)
- Å straks varsle einingsleiar og kommunalsjef dersom det er ein i leiinga som står bak krenkinga (varsle same dag)



Skuleeigar har eit overordna ansvar for skulane og skal etter opplæringslova §13-10 ha eit forsvarleg system for å vurdera om krava i opplæringslova vert oppfylt og for å følgje opp resultat frå desse vurderingane.

I dei halvårige kvalitetsvurderingssamtalane mellom skule og skuleeigar skal skulemiljø / læringsmiljø vere ei fast sak. Med utgangspunkt i Elevundersøkinga og ev lokale undersøkingar skal skulen leggje fram ei vurdering av skulemiljøet, lokale mål for arbeidet og kva tiltak skulen arbeider med eller har under planlegging.

Andre aktuelle tema til drøfting:

- Kva er sentralt i skulen sitt eige ordensreglement?
- Korleis driv skulen eit kontinuerlig og systematisk arbeid for å fremja helsa, miljøet og tryggleiken til elevane? (Internkontroll)
- Korleis vert melding om krenkjande åtferd handtert? Mobbeplan?

- Korleis er brukarane (elevar, foreldre, tilsette) involvert i arbeidet med utvikling av eit trygt og godt skulemiljø?

Skuleeigar har i tillegg ansvar for:

- Å gjennomføre kompetansetiltak leiarar – sakshandsaming
- Å gjennomføre kompetansetiltak sektor – aktivitetsplikta
- Å følge opp/gje tilbakemelding til rektor; kompetansetiltak/metodikk
- Å gjennomføre skuleeigar sin eigenvurdering i Reflex kvart år, tema oppfølging av elevane sitt skulemiljø
- Å sjå til at alle skulane gjennomfører årleg eigenvurdering kring elevane sitt skulemiljø i Reflex og at resultat, saman med resultat frå Elevundersøkinga og andre relevante undersøkingar blir samla i ein årleg rapport til skuleeigar
- Årleg gå gjennom skulane sin rapport saman med rektorane individuelt og skuleeigar sine resultat med rektorgruppa
- Å rapportere om stoda i kommunen til politisk nivå gjennom den årlege tilstandsrapporten
- Å gjennomføre tilsynkontroll på temaet trygt og godt skulemiljø
- Å gje tilbakemelding og rettleiing til rektor etter avdekka feil/manglar i system/tiltak
- Å vurdere behov for oppfølging av avvik som er meldt i KF-kvalitet
- Å lage ein handlingsplan for oppfølging av avvik som skal følgjast opp ved den ein skule
- Å lage eit årshjul som skildrar skuleeigar sitt planmessige arbeid knytt til kap 9A i opplæringslova

SKULEMILJØUTVAL OG BRUKARMEDVERKNAD

OPPLÆRINGSLOVA § 11-1A:

Ved kvar grunnskule skal det vere eit skulemiljøutval. I skulemiljøutvalet skal elevane, foreldrerådet, dei tilsette, skuleleiinga og kommunen vere representerte. Skulemiljøutvalet skal vere sett saman slik at representantane for elevane og foreldra til saman er i fleirtal.

Vestbygd skule har eit skulemiljøutval - SMU. Representantane skal ha opplæring, ta del i planlegging og gjennomføring av skulen sitt systematiske arbeid for å sikra elevane sitt arbeidsmiljø. Samarbeidsutvalet har funksjonen som skulemiljøutval, men det må sikrast at elevane og foreldra er blir i fleirtal.

VEDLEGG OG RESSURSAR

1. Mal skriftleg plan for å betre ein elev sitt skulemiljø: sjå mal i websak
2. Ressursar: Sjå udir sine nettsider om tema læringsmiljø
3. Rutinar for arbeidet med Opplæringslova §9A og 9A – 5 i Alver kommune

FØREBYGGJANDE ARBEID

- for eit systematisk arbeid med eit godt skulemiljø.

§ 9a-4. Systematisk arbeid for å fremje helse, miljøet og tryggleiken til elevane

Skolen skal aktivt drive eit kontinuerleg og systematisk arbeid for å fremje helse, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av dette kapitlet blir oppfylte. Skoleleiinga har ansvaret for den daglege gjennomføringa av dette. Arbeidet skal gjelde det fysiske så vel som det psykososiale miljøet.

Jamlege tiltak

- Klassemøte der klassemiljø, skulemiljø og mobbing er tema
- Elevrådsmøte kvar måned
- Fadderordning for elevar på 1. og 3. trinn.
- Trivselsleiarprogramm
- Fellesarrangement på trinn, stortrinn og for heile skulen.

- Eige årshjul for samarbeidet mellom skulen v/kontaktlærer og klassekontaktar/foreldre.

Alle tilsette skal arbeide for eit godt skulemiljø heile året. Tema blir jamleg tatt i ulike møtefora:

- Utviklingstid for pedagogisk personale, kvar veke. Leiinga deltek
- Team (1.-4. og 5.-7.trinn)kvar veke.
- Personalmøte SFO kvar veke. Leiinga kan delta. SFO-leiar deltek fast.

I tillegg arrangerer skulen fleire arrangement på trinn-, stortrinn- og skulenivå. Fellesarrangementa er ein viktig del av det førebyggjande arbeidet ved skulen. Det blir satt både sosiale og faglege mål for fellesarrangementa.

Rutine	Eventuell tidfesting	Ansvar
<p>Kapittel 9a i opplæringslova Gjennomgang av Kapittel 9a i opplæringslova og forebyggjande tiltak for alle tilsette også SFO</p> <p>Kvittering for lese rutinar</p>	August- ved skulestart	Rektor (SFO-leiar)
<p>Ordensreglar Gjennomgang av ordensreglar</p>	August- ved skulestart	Rektor (SFO-leiar)
<p>Handlingsplan mot mobbing Gjennomgang av "plan for eit trygt og godt skulemiljø»</p>	August- ved skulestart	Rektor (SFO-leiar)
<p>Inspeksjonsplan Gjennomgang av inspeksjonsplan med pedagogisk personale og pedagogiske medarbeidarar.</p> <ul style="list-style-type: none"> - handlingsplakaten - rutinar ved fråvær 	August- ved skulestart	Teamleiar/inspektør
<p>Gjennomgang med føresette:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Opplæringslova kapittel 9A og kva den inneber - Trivselsreglar på Vestbygd skule - rutinar for arbeid med elevane sitt psyksosiale miljø i klassen 	<p>September Mars</p> <p>Kvart halvår- foreldremøte</p> <p>(Alle føresette skal ha informasjon, også dei som ikkje deltar på foreldremøte)</p>	Kontaktlærer

<p>Kontinuerlig arbeid med elevane sitt psykososiale miljø og antimobbearbeid</p> <p>A) På team:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Førebyggjande tiltak og oppfølging av saker som vedkjem teamet 	Kvar månad	Teamleiar
<p>B) På klasseteam med pedagogiske medarbeidar</p> <ul style="list-style-type: none"> - Førebyggjande tiltak og oppfølging av saker som vedkjem trinnet 	Etter eigen plan	Kontaktlærarar
<p>C) I kvar klasse</p> <p>Førebyggjande tiltak for og oppfølging av</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ordensreglar - Trivselsreglar - Klassemøte 	<p>August- ved skulestart</p> <p>Følgje opp gjennom heile året.</p>	Kontaktlærer saman med elevane
<p>D) På individnivå</p> <ul style="list-style-type: none"> - Samtalar med elevane - Utviklingssamtalar med føresette 	Gjennom heile året	Kontaktlærer
<p>Kontinuerlig arbeid i samsvar med aktivitetsplikta:</p> <p>Aktivitetsplikt</p> <ul style="list-style-type: none"> - Friminutt er tema på kvart team. 	Gjennom heile året	Alle tilsette

Oppfølging		
<p>Oppfølging av <i>plan for eit trygt og godt skulemiljø og Handlingsplan mot mobbing(2016)</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - på skulenivå - på team - på klassenivå - på individnivå 	<ul style="list-style-type: none"> - Kwart halvår - Kvar måned - Kwart klassemøte - Min. kvart halvår 	<ul style="list-style-type: none"> - Skuleleiing - Teamleiar/inspektør - Kontaktlærer - Kontaktlærer
<p>Oppfølging av ordensreglar</p> <ul style="list-style-type: none"> - på skulenivå - på storsteamnivå - på klassenivå - på individnivå 	<ul style="list-style-type: none"> - Kwart halvår - Kvar måned - Kwart klassemøte - Min. kvart halvår 	<ul style="list-style-type: none"> - Skuleleiing - Teamleiar - Kontaktlærer - Kontaktlærer

Igansetjing av tiltak jfr opplæringslova kapittel 9a	Gjennom heile året	Rektor/ kontaktlærer
Oppfølging av tiltak jfr. § 9a	Gjennom heile året	Rektor/ kontaktlærer
Oppfølging av det kontinuerlige arbeidet med elevane sitt psykososiale miljø og antimobbearbeid i alle ledd i organisasjonen	Gjennom heile året	Skuleleiing
Internkontroll/Eksternkontroll		
<p>Internkontroll Digital undersøking blant tilsette.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Aktivitetsplikta - Klassemøte og felles sosiale mål - Ordensreglar og klassereglar - Info. til føresette om innhaldet i kapittel 9a 	Oktober og mars	Rektor
Ekstern Leikeplasskontroll	årleg	Rektor Skuleeigar
Trivselsundersøking (1.-5.trinn)	November og/eller mars	Rektor

Internkontroll. Vernerunde. <i>Forskrift om miljøretta helsevern</i>	mai	Rektor og Verneombod
Internkontroll uteområdet	Kvar månad	Rektor/SFO leiar
Elevundersøkinga (5.-7.trinn)	Oktober/ november	Rektor (insp.)
Organ		
<u>Skulemiljøutval</u> (SMU)	Minst 2 møter pr. halvår. Første møte tidleg i oktober	Rektor
<u>Samarbeidsutval</u> (SU) - uttalerett i saker som gjeld skulemiljøet. - Godkjenne ordensreglar.	Minst 2 møter pr. halvår. Første møte tidleg i oktober	Rektor
<u>Elevråd</u> - antimobbearbeid - skulemiljøet	- Møte kvar månad - Kvart halvår - Kvart møte	Kontaktlærer for elevråd Elevrådsleiar

Rutineskildring for leiinga ved Vestbygd skule for handtering av varsel om psykososiale tilhøve etter Opplæringslova kapittel 9A

*Dersom nokon som er tilsett ved skolen, får kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar som mobbing, diskriminering, vald eller rasisme, skal vedkommande snarast undersøkje saka og **varsle skoleleiinga**, og dersom det er nødvendig og mogleg, sjølv gripe direkte inn.”*

Leinga skal sikra at : Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitlet blir oppfylte. Rektor har ansvaret for at dette blir gjort – aktivitetsplikta.

Som leiar ved skulen har du ansvar i lag med rektor på at dette blir gjort. Saka skal undersøkast umiddelbart.

Dersom ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, kan eleven eller foreldra melde saka til fylkesmannen etter at saka er teken opp med rektor.

Fylkesmannen skal avgjere om aktivitetsplikta etter §§ 9A-4 og 9A-5 er oppfylt. Dersom saka ikkje er teken opp med rektor, eller om det er under ei veke sidan ho vart teken opp, skal fylkesmannen avvise saka.

Dersom nokon i leiinga blir varsla om tilhøve som er skildra ovanfor skal ein:

1. umiddelbart sikra at aktivitetsplikta er gjennomført og at dei involverte i saka er ivaretekne så langt det har latt seg gjera
2. sikra at skulen set inn tiltak for å fremja eit godt skulemiljø
3. sikra og bidra til at saka blir undersøkt og belyst så godt det lar seg gjera og utan ugrunna opphald. Eleven si stemme skal komme til uttrykk, eleven skal bli høyrte.
4. sikra og bidra at nødvendige tiltak blir sett inn i samarbeid med dei andre tilsette. Sikra og bidra til nødvendig evaluering og oppfølging av tiltaka.

Rektor **skal** varslast så tidleg det let seg gjera om saka.

Vidare:

Leiar skal : følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.

Dersom ein tilsett varslar deg som leiar er det oppfatta som at den som arbeidar på skulen har varsla rektor. Du må uansett varsla rektor vidare om saka

Alle som arbeider på skolen, skal varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor skal varsle skuleeigar i alvorlege tilfelle.

Du skal ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø undersøkje saka og samarbeida med dei tilsette kring dette.

Når ein elev seier at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, skal skulen så langt det finst eigna tiltak sørgje for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det same gjeld når ei undersøking viser at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø.

Skulen skal sørgje for at involverte elevar blir høyrde. Kva som er best for elevane skal vere eit grunnleggjande omsyn i skulen sitt arbeid.